



KONSERT

Nain, Voss – laurdag 7. desember og søndag 8. desember 2019

Solist:

Oda Nysæter *sopran*

Fossegrimens prosjektkor 2019
Gymnaskoret

Korinnstudering:

Lars Ragnvaldsen

Elise Thorgersen Varne – Nina Mork Brunvoll

Dirigent:

Dagfinn Rohde

Franz SCHUBERT: Symfoni nr. 8, h-moll – ”Ufullendte” – D. 759

1. Allegro moderato

Gabriel FAURÉ: ”Cantique de Jean Racine” for kor og orkester, opus 11

Gabriel FAURÉ: Frå ”Messe de Requiem” for kor og orkester, opus 48

4. Agnus Dei. 5. Libera Me.

Edward ELGAR: Frå ”Enigma”-variasjonar for orkester, opus 36

9. Nimrod

Felix MENDELSSOHN: Salme 42 for sopran, kor og orkester, opus 42

*Konsertane blir gitt med tilskot frå
Voss kommune og Hordaland fylkeskommune*

Orkesteret Fossegrimen sin hovudsponsor:



CANTIQUE de JEAN RACINE

Verbe égal au Très-Haut, notre unique espérance,
jour éternel de la terre et des nuit
nous rompons le silence:
Divin Sauveur jette sur nous les yeux.

Répands sur nous le feu de ta grâce puis sante;
que tout l'enfer fuie au son de ta voix.
Dissipe le sommeil d'une âme languissante,
qui la conduit à l'oubli de tes lois.

Ô Christ, sois favorable à ce peuple fidèle,
pour te bénir maintenant rassemblé;
Reçois les chants qu'il offre à ta gloire immortelle;
et de tes dons qu'il retourne comblé!

Ord frå Gud, heilag ord, vår einaste, vår store von;
ein evig dag sendt frå himmel til jord.
Med rop frå arme sjel vi bryt den store stilla.
Å, Frelsar stor, kast augo ned på oss.

Send over oss ein eld av din mektige nåde,
så vondskap vik ved lyden av di røyst.
Jag bort armoda frå ei lengtande sjel
og skap vørndnad for dine lover.

Å, Krist, sjå ned i nåde, gjev hjelp til dei trugne,
som samla er for å hylla ditt namn.
Vi syng om evig ære, Gud, høyr vår arme song,
og send rikeleg av nåde og kraft ved ditt ord.

✧

AGNUS DEI

Agnus Dei qui tollis peccata mundi
dona eis requiem.

Agnus Dei, qui tollis peccata mundi
dona eis requiem sempiternam.

Lux æterna luceat eis
Domine cum sanctis tuis
in æternam qui a pius es.

Requiem æternam dona eis Domine
et lux perpetua luceat eis.

Guds lam

Guds lam, du som ber verdsens synder,
gjev dei kvile.
Guds lam, du som ber verdsens synder,
gjev dei evig kvile.

Lat det evige ljøs, Herre, lysa æveleg for dei,
saman med dine heilage,
for du er kjærleg.

✧

LIBERA ME

Libera me, Domine
de morte æterna
in die illa tremenda.
Quando coeli movendi sunt et terra
dum veneris judicare seculum per ignem.

Tremens factus sum ego et timeo
dum discussio venerit at que ventura ira.

Dies illa, dies irae calamitatis,
et miseriae.
Dies illa, dies magna et amara valde.
Requiem æternam
domina eis Domine
et lux perpetua luceat eis.

Fri meg

Fri meg, Herre,
frå den evige død
den skræmelege dagen,
då himmelen og jorda skal skakast,
når du kjem for å døma verda med eld.

Eg skjelv og ottast
medan alt skal rista og vreiden skal koma.
Denne dagen, dagen for vreide og vanlagnd
og ulukke,
denne dagen, den store og ovtunge dagen.
Herre, gjev dei evig kvile,
Og lat ljøset utan avbrot lysa for dei.

Omsett frå latin til nynorsk av Hermund Slaattelid

SALME 42

Wie der Hirsch schreit nach frischem Wasser,
so schreit meine Seele, Gott, zu Dir.

Meine Seele dürstet nach Gott,
dem lebendigen Gotte.
Wann werde ich dahin kommen,
dass ich Gottes Angesicht schaue?

Meine Tränen sind meine Speise Tag und Nacht,
weil man täglich zu mir saget: Wo ist dein Gott?
Wenn ich dess inne werde so schütte ich
mein Herz aus bei mir selbst!

Denn ich wollte gern hingehen mit dem Haufen
und mit ihnen wallen zum hause Gottes,
mit Frohlocken und Danken unter dem Haufen
die da feiern.

Was betrübst du dich, meine Seele,
und bist so unruhig in mir?
Harre auf Gott! Harre auf Gott!
Denn ich werde ihm noch danken,
dass er mir hilft mit seinem Angesicht.

Mein Gott, betrübt ist meine Seele in mir,
darum gedenke ich an dich!
Deine Fluten rauschen daher,
dass hier eine Tiefe und dort eine Tiefe brausen:
alle deine Wasserwogen und Wellen gehen über mich.

Der Herr hat des Tages verheissen seine Güte,
und des Nachts singe ich zu ihm
und bete zu dem Gotte meines Lebens.
Mein Gott, betrübt ist meine Seele in mir,
warum hast du meiner vergessen?
Warum muss ich so traurig gehen
wenn mein Feind mich bedrängt?

Was betrübst du dich, meine Seele,
und bist so unruhig in mir?
Harre auf Gott! Harre auf Gott!
Denn ich werde ihm noch danken,
dass er meines Angesichts Hilfe und mein Gott ist.

Preis sei dem Herrn, dem Gott Israels,
von nun an bis in Ewigkeit!

Liksom hjorten stundar
etter rennande bekker,
såleis stundar mi sjel
etter deg, min Gud.

Mi sjel tyrstar etter Gud,
etter den levande Gud.
Når skal eg få koma
og stiga fram for hans åsyn?

Mine tårer har vorte min mat
både dag og natt.
Dagen lang kjem folk og seier:
"Kvar er no din Gud?"

Eg vil letta mi sjel
og tenkja på det som var:
at eg gjekk fram i det store fylgjet,
drog i festtog til Guds hus
med jubelrop og takkesong
- ein pilegrimsskare i fest.

Kvifor er du full av uro, mi sjel,
kvifor stormar det i meg?
Vent på Gud! For endå ein gong skal
eg takka han, min frelsar og min Gud.

Mi sjel er full av uro;
difor kjem eg deg i hug
frå Jordan-landet og Hermon-fjellet,
ja, frå Misar-berget òg.

Havdjup ropar til havdjup,
og dine fossar durar.
Alle dine brot og bylgjer
slår no over meg.

Gjev Herren må senda
si miskunn om dagen
og eg få syngja hans pris om natta;
eg bed til mitt livs Gud.

No seier eg til Gud, mitt berg:
"Kvifor har du gløymt meg,
kvifor må eg gå og syrgja,
medan fienden plagar meg?"

Det går meg gjennom merg og bein
når mine fiendar spottar meg,
når dei seier til meg dagen lang:
"Kvar er no din Gud?"

Kvifor er du full av uro, mi sjel,
kvifor stormar det i meg?
Vent på Gud! For endå ein gong skal
eg takka han, min frelsar og min Gud.

Lova vere Herren, Israels Gud,
frå æve til æve!

Om dei medverkande:



Oda Nysæter (sopran) har sidan 2018 studert ved Universitetet i Agder i Kristiansand, der ho tek Bachelorgraden i utøvande klassisk sang. Ho gjekk ut frå musikklinja på Voss gymnas i 2017 og var deretter eitt år på Toneheim folkehøgskole. Solistoppdrag har ho alt hatt ei rekke gonger, mellom anna i mai i år då Agder symfoniorkester og Stavanger Oratoriekor framførte Mendelssohns Salme 42. Siste året har ho vore med i Kristiansand domkor og var ein del av solistkoret ved framføringa av Planetene av Gustav Holst i mars. Ho har og hatt oppdrag for operaens venner i Kristiansand. Medan ho var elev på Voss gymnas var ho også med i Fossegrimen og spelte fløyte, men nå er første gongen ho er sangersolist med oss, og vi ser fram til dette nye samarbeidet med henne.

FOSSEGRIMENS PROSJEKTKOR kjem saman kvar haust og øver inn programmet til førjols-konsertane våre. Koret tel rundt 60 songarar frå Voss og grannekommunane, og **LARS RAGNALDSEN** har som tidlegare år også denne gongen hatt ansvaret for korinnstuderinga.

I tillegg har vi også i år fått solid forsterkning av **GYMNASKORET**, som er sett saman av eit 40-tals elevar ved Musikklinja ved Voss gymnas. Lærarane deira, **ELISE THORGERSEN VARNE** og **NINA MORK BRUNVOLL**, har stått for innstuderinga av korverka med desse elevane.

ORKESTERET FOSSEGRIMEN er eit regionalt symfoniorkester for dei indre kommunane i Hordaland med sete på Voss. Det rekrutterer interesserte musikarar - amatørar og yrkesutdanna, unge og eldre - frå heile regionen, og det held regelmessige konsertar rundt om i kommunane. Dei siste vel 30 åra har orkesteret mest årvisst hatt større samarbeidsprosjekt med sangersolistar og regionale prosjektkor. Av framførde verk kan m.a. nemnast Messa di Gloria av Puccini, oratoria Skapelsen av Haydn og Paulus av Mendelssohn, Gloria av Vivaldi, Messias av Händel og rekviem-messene av Cherubini og Mozart. **DAGFINN ROHDE** har vore fast dirigent og kunstnarleg leiar for orkesteret sidan 1991.